



HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhendebrev nr. 14, 7. april 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)

Dette er siste nyhendebrev før påske, og neste nyhendebrev kjem torsdag 21. april. God påske til alle studentar, tilsette og andre lesarar.



Stipendiatstilling frå Møre og Romsdal fylkeskommune

[Fylkesutvalet har i møte 5. april](#) gått inn for å tildele Høgskulen i Volda ei stipendiatstilling som eit ledd i arbeidet med å styrke kunnskap og kapasitet i forskingsmiljøa i Møre og Romsdal. I alt vil forskingsmiljøa i fylket få 6 stipendiatstillingar. Fylket ønsker også å få ei felles ramme for dei 6 stipendiatstillingane og vil utvikle det i samarbeid med forskingsmiljøa. Fylkestinget tek endeleg avgjerd i saka.

LES MEIR



Dokumentarfilm-festival 20.-24. april - sjå smakebitar

Den norske dokumentarfilm-festivalen blir arrangert i Volda 20.-24. april. Festivalen blir arrangert på Samfunnshuset/Volda filmteater. Programmet for festivalen kjem snart, men du kan alt no få sjå nokre smakebitar frå programmet på nettsidene til festivalen.

[LES MEIR](#)



Festskrift til professor Magnar Åm (70)

Den 9. april fyller [komponist og professor Magnar Åm](#) 70 år, og kollegaer på HVO har teke initiativ til eit festskrift, med tittelen "Stemma og stilla i musikk og litteratur". Boka er redigert av Geir Hjorthol, Helga Synnevåg Løvoll, Elizabeth Oltedal og Jan Inge Sørbo og kjem ut på Cappelen Damm.

[LES MEIR](#)



Bjørn Kjetil Larsen disputerer 8. april

[Stipendiat Bjørn Kjetil Larsen](#), ASH, disputerer ved Høgskulen i Volda fredag 8. april. [Avhandlinga til Larsen har tittelen: Exploring interprofessional collaboration in the field of criminal justice in Norway - A mixed methods study of prisoners' reintegration after prison](#)". Disputasen kan også følgjast på video. Larsen arbeider som [høgskulelektor ved Høgskolen i Molde](#).

LES MEIR

Studium og studentliv:

Kantina er stengt i påskeveka - opnar att tysdag 19. april

Studentkantina held ope fredag 8. april, men stenger i påskeveka. Første dag kantina er open etter påskeferien blir tysdag 19. april.

Svar på SHOT: Studentar kan vinne Ipad - eller pengar - svarfrist 11. april (utsett svarfrist)

Ein ny runde med Studentenes helse- og trivselsundersøkelse (SHoT) er i gang og alle studentar ved Høgskulen i Volda er inviterte til å delta. SHOT prøver å finne ut korleis det eigentleg er å vere student - blant anna når vi no går inn i det tredje året med korona. 180.000 studentar får invitasjon til SHOT på e-post. Shot trekker 5 Ipadar og gir gåvekort på kr 500,- til 100 av dei som svarar på spørsmåla. [Les meir om SHOT på nettsidene våre](#).

Pensumlister for hausten 2022: Klare for redigering i Leganto

Biblioteket har no lagt til rette for at pensumlistene for hausten 2022 kan redigerast i Leganto. Som tidlegare år er det pensumlistene frå i fjor haust som no er kopierte over til hausten 2022 for vidare redigering og oppdatering. Ta kontakt med biblioteket om du ikkje finn "di" pensumliste, og hugs å trykke "Send til biblioteket" etter at du er

ferdig å redigere. Frist for pensumlistene er som tidlegare år 15. mai. Alle tilsette har fått meir detaljert informasjon om dette. [Les meir om Leganto på nettsidene våre](#)

Nytt om tilsette



Ketil Jarl Halse: Ein utdanningsstrateg ser tilbake

Ein sentral studieentreprenør og fagmann bak suksessen til medieutdanningane i Volda er Ketil Jarl Halse. På nettsidene våre kan du lese hans historie om starten på DH-skulen og medieutdanningane der han var med heilt frå starten. Og Halse gler seg til [jubileumsfeiringa i april](#) og vonar at mange tidlegare studentar vil kome og gjenopplive minne frå studietida i Volda. [Les heile intervjuet med Halse på nettsidene våre.](#)

Ny dosentforening: Birgitte Fondevik er med i interimstyret

I samband med dosentkonferansen ved Universitetet i Agder vart det også sett ned eit interimstyre som skal arbeide for å få etablert ei nasjonalt dosentforening. [Dosent Birgitte Fondevik](#), AHL, er ein av seks medlemmer i interimstyret. [Les omtale av dosentkonferansen og Dosentforeninga i Khrono.](#)

Fag og forskning

Tilsette blir oppmoda til å legge ut informasjon om interne seminar og faglege arrangement på kalenderen på www.hivolda.no.



Konferansen i Ålesund - påmeldingsfrist 10. april

Vi minner om påmeldingsfristen 10. april til konferansen «Global Sustainability: Science and Religion i Dialogue» i Ålesund som Høgskulen i Volda arrangerer saman med NTNU i Ålesund og den internasjonale forskarorganisasjonen ESSSAT (European Society for the Study of Science & Theology). Det er høve til å delta på konferansen utan å legge fram konferansebidrag (papir). Det er også muleg å delta på delar av konferansen. Sjå eigne prisar for dette på nettsida til konferansen. [Programmet](#) for konferansen blir oppdatert fortløpande. [Her er lenke til registrering.](#) [Professor Knut-Willy Sæther](#), AHL, har tittelen vice-president i ESSSAT og er ansvarleg for konferansen i Ålesund.

Referansar: Zotero for studentar – Endnote for stipendatar og tilsette

Biblioteket tilbyr no i samarbeid med IT, brukarstøtte og opplæring for studentar i referanseverktøyet Zotero. Stipendiatar og tilsette bør framleis bruke EndNote, då dette programmet har større lagringsplass enn Zotero. [Les meir om Zotero, Endnote og referansehandtering på nettsidene til biblioteket.](#)

Inviterer til førstelektorkvalifisering - søknadsfrist 1. mai

Alle høgskulelektorar på Høgskulen i Volda har fått invitasjon til å søke på ei ordning for kvalifisering til førstelektor. Dei som blir med på ordninga får invitasjon til fire samlingar - tre halvdagssamlingar og ei to-dagarssamling med informasjon om

ordninga og hjelp til å planlegging av å gå førstelektorløypa. [Søknadsfristen er 1. mai, og her er lenke til søknadsskjemaet.](#)

Formidling: Sterk auke frå 2020 til 2021

Dei tilsette ved Høgskulen i Volda har formidla klart meir i 2021 samanlikna med året før. Auken er på nesten 50 prosent etter høgskulens eigne registreringar. Omfanget på formidling følgjer i hovudsak storleik på avdelingane. Formidling er eit samleomgrep for publisering som ikkje vert rekna som forskning etter det nasjonale "tellekantsystemet" og kan blant anna omfatte aviskronikkar, lærebøker og populærvitskaplege føredrag. [Les meir om forskning og formidling på nettsidene våre.](#)

Forskningsmidlar, forskingsaktivitetar og fristar:

Nominer kandidatar til FoU-prisen innan 12. mai

Fram til 12. mai kan tilsette og studentar ved HVO nominere kandidatar til FOU-prisen for 2022. Prisen blir tildelt av høgskulestyret, og blir delt ut på Forskningsdagane 23. september 2022. Her er [informasjon om prisen, retningslinjer for tildeling og tidlegare prisvinnarar.](#)

Forskningsutvalet: Ny utlysing av såkornmidlar - frist 16. mai

Forskningsutvalet tildelte på møtet 17. februar såkornmidlar for 2022 på ca. Halvparten av det budsjetterte beløpet på kr 900.000. Forskningsutvalet vedtok å lyse ut midlane på nytt med søknadsfrist 16. mai og tildeling 2. juni. Midlane må brukast i 2022. [Les meir om såkornmidlar og søknadsskjema.](#)

Inntil 3 professor-/dosentstipend - søknadsfrist 15. juni 2022

Førstelektorar og førsteamanuensar ved Høgskulen i Volda har fått informasjon og invitasjon til å søke på professor-/dosentstipend. Søknadsfristen er 15. juni 2022. Kvinner vert særskilt oppmoda til å søkje. Vilråa for stipenda er som tidlegare år. Dette er ei støtteordning som er særmerkt for Høgskulen i Volda og av dei 13 som har teke til på ordninga sidan 2014 har 6 fått opprykk til professor/dosent. [Les meir om vilråa for ordninga på nettsidene våre.](#)

11 millionar å hente frå Regionalt Forskningsfond for Møre og Romsdal

Regionalt Forskningsfond for Møre og Romsdal har tilgjengeleg midlar som forskarar ved Høgskulen i Volda kan søke på. Den største ordninga er kalla

[Kvalifiseringsprosjekt](#) som har som formål å "Styrke forsknings og innovasjonsevnen til næringsliv og kommunal sektor i Møre og Romsdal, og bygge relevant kunnskap hos FoU-miljøa". Søknadsfristen er løpande og det er 10,5 mill tilgjengeleg. Ei anna ordning under RFF er kalla [KSP \(Kompetanse- og samarbeidsprosjekt\)](#) og her er det tilgjengeleg kr 750.000 og det er også løpande søknadsfrist. [Seniorrådgivar Bjørn Tafjord](#), ASH, kan svare på spørsmål om ordningane.

Publisering og formidling

Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin](#).

Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her](#).

Peder Haug om ideal og realitet i spesialundervisninga

[Professor Peder Haug](#), AHL, har skrive ein artikkel med tittelen "Ideal og realitet i spesialundervisninga". Artikkelen er publisert i [artikkelsamlinga "Pedagogikkens ide og oppdrag" og er utgitt på Fagbokforlaget og er tilgjengeleg for alle](#). Redaktørar for boka er Harald Thuen, Synnøve Myklestad og Stine Vik. [Boka er gitt ut i høve 50-års jubileet for pedagogikkstudia på Lillehammer og vart lansert 31. mars 2022](#).

Jan Ove Ulstein: "Oppbrotsteologi på det lange 70-talet"

[Professor Jan Ove Ulstein](#), AHL, har gitt ut boka ["Oppbrotsteologi på det lange 70-talet . Frigjeringsteologi, marxisme, sosialetikk"](#) i bokserien Religionsfag profil.

Øyvind Økland i Dagsavisen: "Er russere mer macho?"

[Professor Øyvind Økland](#), ASH, har skrive kronikk i Dagsavisen (31.3.2022), med tittelen: ["Er russere mer macho?"](#) I kronikken spør han om støtta til Putin kan forklarast med at russarar er meir glad i makt og dominans enn andre?

Maiken Jordal om skulevegring i Agenda Magasin

[Stipendiat Maiken Jordal](#), ASH, har skrive ein debattartikkel med tittelen "[I krig og samarbeid om "skolevegringsmysteriet"](#)" i nettmagasinet Agenda Magasin som blir gitt ut av tankesmia Agenda.

Wenche Torrissen i Midtnorsk debatt: "Hvordan har du det?"

[Professor Wenche Torrissen](#), AKF, har saman med Ingvild Røme Grande og Ann Iren Jamtøy (begge NTNU) skrive kronikken "[Hvordan har du det?"](#)" i Midtnorsk debatt. Dei spør: "Er det nå vi mer enn noen gang trenger å gi kunsten og kreativiteten en større plass i samfunnet?"

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

Professor II/Dosent II i matematikdidaktikk - søknadsfrist 15. april

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, institutt for realfag, er det ledig ei fast 20 % stilling som professor II/dosent II i matematikdidaktikk frå og med 1.8.2022. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i engelsk litteratur/kultur og didaktikk - søknadsfrist 19. april

Ved Høgskulen i Volda er det ledig ei mellombels 100% stilling som førsteamanuensis/førstelektor/ høgskulelektor i engelsk litteratur/kultur og didaktikk frå 1.8.2022 til 30.06.2023. Stillinga er knytt til Institutt for språk og litteratur ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

Rådgivar ved Praktisk-pedagogisk utdanning ved AHL - søknadsfrist 20. april

Høgskulen i Volda, avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, søker etter rådgivar til Praktisk-pedagogisk utdanning i 50% mellombels stilling for to år i perioda 1.8.2022-31.7.2024. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

Professor/dosent/førsteamanuensis/førstelektor i leiing - søknadsfrist 20. april

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for samfunnsfag og historie, er det ledig fast stilling som professor/dosent/førsteamanuensis/førstelektor i leiing, med planlagt tilsetjing frå 1. august 2022. Stillinga er ved Institutt for planlegging, administrasjon og skuleretta samfunnsfag (IPAS), og primært ved programma Bachelor i planlegging og

administrasjon og Master i samfunnsplanlegging og leing. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

Jurist/fagansvarleg - seniorrådgivar/rådgivar i studieadministrasjonen - søknadsfrist 24. april

Høgskulen i Volda har ledig ei 100 % fast stilling som fagansvarleg (seniorrådgivar/rådgivar). Innhaldet i stillinga er i endring og den som blir tilsett vil få høve til å utforme stillinga i lag med studiedirektør og kollegaer i Studieadministrasjonen. Stillinga rapporterer til studiedirektøren. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsidene våre.](#)

Stipendiatstillinger i barnevernsarbeid - søknadsfrist 1. juni 2022

Høgskulen i Volda søker etter stipendiatar ved Avdeling for Samfunnsfag og historie, Institutt for sosialfag (ISF). Vi ønskjer søkarar som har relevante forskingsprosjekt på området barnevern/barnevernsarbeid, gjerne med problemstillingar innanfor: Minoritetsarbeid, tverrprofesjonelt/tverretatleg samarbeid (barnevern-barnehage-skule-PPT-Bup), arbeid med barn og familiar, juridiske problemstillingar med relevans for barnevernsarbeid.

[Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)

Professor/dosent i matematikdidaktikk - søknadsfrist 15. juni 2022

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, institutt for realfag, er det ledig ei fast 100 % stilling som professor/dosent i matematikdidaktikk frå og med 1.8.2023. [Les meir om stillinga og send inn søknad på nettsida vår.](#)



Kultur



Idrett

Idrett, musikk, teater m.v. i Volda og Ørsta. Kampar til VSI (Volda Studentidrettslag), handball og volleyball.

Kinoprogrammet: [Volda filmteater](#) | [Ørsta kino](#) | [Hjørundfjord filmteater](#) (filmklubb)
Arrangement på [Tikkio Volda](#) | [Tikkio Ørsta](#) | [Ticketmaster Volda](#) | [Ticketmaster Ørsta](#)

07.04.2022: [Funkups](#), Tredet

09.04.2022: 100-års markering for Volda filmteater, Volda filmteater

15.04.2022: [Pastor Rex](#), Fugl Føniks

16.04.2022: [DJ Rune](#), Fugl Føniks

16.04.2022: [Broad Line - påskefest](#), Ørsta Kulturhus

19.04.2022: Fotball, menn: [Volda - Ålesund 2](#), Volda Stadion

20.-24.4.2022: [Den norske dokumentarfilm-festivalen](#)

23.04.2022: [Volda bilmesse 2022](#), Sparebank1 Hallen (Volda Stadion)

23.04.2022: [Faculty of Funk \(Jazzkafé, Jazzklubben\)](#), Tredet

23.04.2022: [BokkeReidars Blues Band - jubileumsfest Media 50 år](#), Volda turisthotell

24.04.2022: [Dyrk enkelt med drivhus v/Maria Berg Hestad](#), Ørsta kulturhus

24.04.2022: [Siril Malmedal Hauge](#), Gamle Skrivargarden i Volda

29.04.2022: [Lizz-konsert](#), Tredet

30.04.2022: [Beady Belle \(Jazzklubben\)](#), Rokken

30.04.2022: [Christiana Mannskor og Eid mannskor](#), Volda kyrkje

03.05.2022: [Jo mere vi er sammen \(Teateret Vårt\)](#), Ørsta kulturhus

06.05.2022: [Music for a while m/Tora Augestad \(Jazzklubben\)](#), Rokken

07.05.2022: Fotball, menn: [Volda-Toten](#), Volda Stadion

07.-15.5.2022: [Bygdepride](#), Volda/Ørsta

14.05.2022: [Vassendgutane og ausekarane](#), Ørstahallen

20.05.2022: [Rotlaus](#), Rokken

21.05.2022: Fotball, menn: [Volda-Førde](#), Volda Stadion

21.05.2022: [Madrugada](#), Hoven (Loen)

Møte, seminar og anna på HVO:

Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.

- 7.4.2022: [Næringskonferansen Søre Sunnmøre](#), Ørsta
- 8.4.2022: Disputas, [Bjørn Kjetil Larsen](#), Høgskulen i Volda
- 19.-20.4.2022: Personalseminar AKF
- 20.4.2022: [Utdanningsutvalet](#)
- 21.4.2022: [Forskningsutvalet](#)
- 22.4.2022: [50-års jubileum for Avdeling for mediefag](#)
- 25.4.2022: [The Northwest](#), Ålesund
- 25.-26.4.2022: [ITS Volda](#), internasjonalt seminar om lærarutdanning
- 26.4.2022: Gjesteføreling - FNs berekraftsmål
- 4.-8.5.2022: [European Conference on Science and Theology \(ECST XIX\)](#) (Ålesund)
- 5.5.2022: [Fagdag barnehage](#), HVO
- 5.5.2022: [Høgskulestyret](#)
- 11.5.2022: HMS-dag på HVO
- 17.5.2022: 17.mai-feiring. Faneberar: AKF
- 1.6.2022: [Utdanningsutvalet](#)
- 2.6.2022: [Forskningsutvalet](#)
- 2. - 3.6.2022: Avdelingsseminar AMF
- 03.06.2022: Disputas, [Anita Dyb Linge](#), HVO
- 16.6.2022: [Høgskulestyret](#)
- 16.-17.6.2022: [Fjordkonferansen 2022](#), Loen
- 9.6.2022: Sommaravslutning AKF
- 20.6.2022: Sommaravslutning ASH
- 22.6.2022: Sommaravslutning AMF
- 16.8.2022: [Studiestart studieåret 2022-2023](#)
- 23.-27.9.2022: [Forskingsdagane 2022](#)
- 16.11.2022: 100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Helsing til sosialfag i høve 50-års jubileet](#) (31.3.2022)

[Nynorsk og engelsk, klarspråk og kvalitet. Og litt om dilemma](#) (15. mars 2022)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av strømprøduksjonen i solcelleanlegget](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)